



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/14058-7

Dykkar referanse:
19/852 – 19/13800

Vår dato:
15.05.2019

Uttale til tilsvar – Fv. 390 – Gnr. 179 bnr. 9 – Leivestad nordre – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 03.05.2019 frå Lindås kommune. Vi viser og til vår klage datert 12.04.2019 på vedtak etter plan og bygningslova for oppføring av bustad på gnr. 179 bnr. 9, samt dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg 390.

Vi har vurdert det nye framlegget, som i hovudsak gjeld utforming av avkøyrsløype frå fv. 390 og arealet nærast fylkesvegen. Vi vil først vise til at alle som innehar eit avkøyrsløype har plikt til å vedlikehalde avkøyrsla jf. veglova §43. Det vil mellom anna seie at friskilta skal oppretthaldast og at avkøyrsla skal ha ei føremålstjeneleg utforming. Eigedomen har og ei høg utnytting av arealet langs vegen, noko som kan medføre kostnad for tryggleiken langs vegen.

Sikt:

Vi er samd med klagar at det er store kostnader knytt til å rydde sikthindrande element på motsett side av vegen. Vi vil ikkje stille krav om slik siktutbetring i dette tilfelle. I staden for stiller vi krav om at svingradius og breidde i avkøyrsla vert stramma opp slik at ein får ein meir gunstig plassering i avkøyrsla når ein skal køyre ut på vegen. Slik får ein optimalisert sikta i begge retningar av køyrebanane. Vi gjer merksam på at sikta skal målast frå eit punkt 4 meter inn i avkøyrsla.

Tydeleg avgrensing mellom parkeringsareal og vegbane.

Avgrensing av arealet skal også omfatte svingradius. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius til høgre i avkøyrsla kan avsluttast etter 90° og først vidare som avgrensing av areal mot fylkesvegen. Vi rår til å bruke ein låg betongkant for å avgrense svingradius mot sideterrenget, heller enn mur. Breidda i avkøyrsla skal ikkje vere meir enn 6 meter på det smalaste.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Parkering:

Parkeringsareal er trekt minimum 5 meter vekk frå fylkesvegen og det er fjerna ein parkeringsplass. Dette er i samsvar med vår merknad.

Vilkår:

Vi ber om at Lindås kommune i sitt vedtak stiller vilkår om at avkøyrsla skal opparbeidast i samsvar med våre krav og at det ikkje vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest før Statens vegvesen har kontrollert og godkjent avkøyrsla.

Vi vil også gjere merksam på at det ikkje kan påreknast avkøyrsløyve ut over ein bueining i denne avkøyrsla.

Sluttord:

Vi har nokre nye merknader til utforming av avkøyrsla i høve til nye framlegget. Vi har for ordens skuld lagt ved situasjonsplan som viser kva krav vi stiller til opparbeiding av avkøyrsla. Søkjar må gjerne ta kontakt dersom det er spørsmål knytt til dette.

Vi ber om at Lindås kommune i sitt vedtak stiller vilkår om at avkøyrsla skal opparbeidast i samsvar med våre krav og at det ikkje vert gjeve mellombels bruksløyve / ferdigattest før Statens vegvesen har kontrollert og godkjent avkøyrsla. Vi vil i så fall trekke vår klage.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Avbøying av svingradius etter 90 grader

Sikt målt 4 m inn i avkøyrsla

Breidde max 6 meter

$r=4m$

Siktlinjer



Prinsippskisse utforming
Gnr. 179 bnr. 9 Lindås
15.05.2019
Målestokk 1:250
Statens vegvesen